

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 31.01.2012 kl 10:00 – 18.05 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 001/12 - 009/12
Innkalling til møtet var sendt ut den: 24.01.2012.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordførar	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjursen	Wenke Fredheim Ekren	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Frode Langhelle (frå kl 12:00)	
	Lene Hansen Kvamsdal (til kl 14:30)	
	Vegbjørn Haugsdal (vara frå kl 14:30)	
	John Torgeir Torsvik	
	Kjetil Fjellby	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Egil Kvingedal
Lillian Andvik	Erlend Kvamsdal	Tove K. Sleire Tistel
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Karstein Totland
Utlevert i møtet:	

Orientering:	<p>Samhandlingsreforma frå 10.00 – 12.00. Til denne orienteringa møtte kommunalsjef Ørnulf Lillestøl, kommunelege I Rolf M. Tande og konsulent Anne Hildegunn Færø.</p> <p>Økonomistyring, 12.40 – 14.24 v/rådmann Svein Helge Hofslundsengen, vidareføring av folkevaldopplæringa 30.11. på Frekhaug med tema som vart kutta ut den gongen, økonomi/budsjett etc., basert på KS sitt opplegg/presentasjonar men med tillegg og koplingar til lokale forhold og status for Masfjorden, vidare gjennomgang av kraftinntektene og samsetjinga av desse inntekstpostane + KOSTRA analyse for sist avlagde rekneskap. Finasforvaltninga.</p>
Sp.mål/interpell.:	<p>Willy Borge,FrP.: stilte spørsmål om trafikksikring for kryssing av 570 ved Nordbygda skule og kva ordførar kunne gjere for å få dette på plass. Ordførar svara at ein etter ei synfaring med vegvesenet for ca 14 dagar sidan vart kommunen lova at dei skulle sjå på saka på nytt.</p> <p>Vigdis Søvik, Sp, viste til at ein i førre kommunestyreperiode hadde pilotprosjekt med arbeidsgrupper i alle delane i kommunen samt ei styringsgruppe. Søvik viste vidare til sakspapira frå kraftfondstyre og stilte fleire spørsmål rundt teksten i desse sakspapira. Ho ønskte skriftleg svar på spørsmåla til neste kommunestyremøte.</p> <p>Kommunestyremøtet 31.01.12 Spørsmål frå <u>Vigdis Søvik, Sp,</u></p> <p>Sak 3/12 frå Kraftfondet 19.01.12 Skriv og meldingar Spørsmål til skriv nr 4 Pilotprosjektet – vidareføring og fornya søknad om fylkeskommunal støtte til lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden</p> <ol style="list-style-type: none">Er det sendt kopi av søknaden til arbeidsgruppene eller styringsgruppa for Lokalsamfunnsutvikling?Det er vist til at revidert prosjektplan er vedlagt søknaden. Kva prosjekt inneheld planen og når vart denne politisk behandla?Når det gjeld avsnitt om Framtida i prosjektet: Kven har utarbeidd dei ulike punkta under dette avsnittet og når var det politisk behandla?Kvifor er ikkje alle arbeidsgruppene/delane av kommunen representert i arbeidsgruppa som er skissert under Organisering 2012? <p>Ynskjer svar på desse spørsmåla til neste kommunestyremøte.</p>

Spørsmål / interpellasjonar	<p>Lillian Andvik, KrF, sa ho hadde fått melding om at tannlegen i kommunen skal slutte til sommaren. Kva kan kommunen gjere med dette? Ordførar svara at ein jobba med saken i dialog med tannlegen.</p> <p>Lillian Andvik sa vidare at KrF ønskte eit eige Ungdomsråd i kommunen og bad om at det vart fremja eiga sak på dette.</p> <p>KrF ønskjer og eiga sak rundt attgroing langs vegane i kommunen. Kan landbruk finne ut om det er midlar ein kan søke om for å gjennomføre dette?</p> <p>Saker som KrF vil ta opp:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Kva skjer vidare med tannlegen?2. Me vil etablera eit ungdomsråd3. Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskap og langs vegane. Skjekka opp eventuelle midlar f.eks SMIL – midlar <p>Egil Kvingedal, V, ønskjer at rådmannen vurderer om kommunen skal gå til innkjøp av nettbrett til politikarane. Venstre lurar på kva som vert gjort i kommunen for å sikre naudsynt kompetanse sett i lys av orienteringa tidlegare i møtet om samhandlingsreforma. Kva plan er det i kommunen for å ta inn ungdommar til sommarjobb / vikarjobbar.</p> <p>Egil Kvingedal, V, Interpellasjonar til kommunestyret 31.01.12</p> <p>Interpellasjon I: Innkjøp av IPAD og innføring av elektroniske sakspapir i Masfjorden kommune. Fleire kommunar har gått til innkjøp av IPAD for å spare utgifter til papir, porto og den administrative delen ved handtering av dette. Det er lite miljøvennlig å bruke papir i dei mengder det vert til saman, utgiftene til IPAD vert dekka inn særst fort ifølgje andre kommunar som har innført denne ordninga. Venstre ber rådmann vurdere denne ordninga som eit positivt tiltak og greie ut kva den totale innsparing vil vere i sin heilheit for Masfjorden kommune.</p> <p>Interpellasjon II: Sommarjobbar- ei investering for framtida Masfjorden kommune er ein stor og god arbeidsgjevar. Me har m.a. ei læringsordning å vera stolte over. Masfjorden Venstre ønskjer at kommunen skal satsa meir på ung arbeidskraft. Masfjorden er ein liten kommune og det er ikkje alltid lett å få seg ein sommarjobb. Sommaren 2011 vart det til dømes ikkje utlyst sommarjobbar ved avdeling for Teknisk, Miljø og Landbruk. Venstre veit at det var fleire som kunne tenkt seg å jobba der.</p>
------------------------------------	--

Spørsmål/ interpellasjonar:	Frå sommaren 2012 og framover ønskjer Venstre at fleire ungdommar skal få sjansen til å jobba som ferievikarar i Masfjorden kommune. Venstre foreslår difor å oppretta ein jobbsentral der dei ulike avdelingane melder inn mindre oppgåver som må løysast, til dømes innanfor vedlikehald. Kanskje kan mange av desse oppgåvene løysast av unge ferievikarar, sjølvsagt under gode og trygge løns- og arbeidsforhold. Slik kan ein få nytta sommarmånadane til å få utført nødvendige arbeidsoppgåver, samstundes som ein gir viktig arbeidserfaring til ungdomane våre. Kanskje vil mange av dei få eit så godt inntrykk av kommunen som arbeidsgjevar at dei kjem tilbake når dei er ferdig utdanna.
Synfaring:	

Kommunestyret vart formelt sett kl. 14.30.

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
001/12	12/54	Godkjenning av møteprotokoll	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
002/12	12/14	Samhandlingsreforma - samarbeidsavtale med Helse Bergen og Haraldsplass	7
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
003/12	11/666	Eigenbetaling pleie og omsorg for 2012 - korrigerings i høve nye satsar frå departementet	21
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
004/12	10/124	Prosjekt bru over Masfjorden - status og ny politisk arbeidsgruppe	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
005/12	12/53	Skriv og meldingar	33
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
006/12	12/52	Delegerte vedtak	35
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
007/12	11/279	Budsjett 2012 Vedlikehald - kommunale bygg	37
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
008/12	11/228	Budsjett 2012 - kommunale vegar	39
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
009/12	12/57	Budsjettsaldering av årsbudsjettet for 2012	41

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	001/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/54
-----------	--------------------

SAK 01/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 08.12.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-001/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 08.12.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	002/12	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016, N-40	Arkivsaknr.: 12/14
--------------------	--------------------

SAK 02/12 - SAMHANDLINGSREFORMA - SAMARBEIDSAVTALE MED HELSE BERGEN OG HARALDSPASS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegg av 21.12.2011 til samarbeidsavtale mellom Helse Bergen/Haraldsplass og Masfjorden kommune vedkomande:

- Grunnlagsdokument for samarbeid.
- Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for.
- Tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskrivning fra spesialisthelse-tenesta innan somatisk sektor.
- Tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeden.

Finansiering

Reforma er finansiert ved overføring av pengar frå sjukehus til kommune. Pengane skal dekke medfinansiering av sjukehusbehandling og betaling til sjukehus dersom pasientar vert liggande på sjukehus etter at dei er klare for utskrivning.

Heimel

Lov om helse og omsorgstenester.

KS-002/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegg av 21.12.2011 til samarbeidsavtale mellom Helse Bergen/Haraldsplass og Masfjorden kommune vedkomande:

- **Grunnlagsdokument for samarbeid.**
- **Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for.**
- **Tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskriving frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor.**
- **Tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeden.**

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl møtte til denne saka. Ordførar orienterte kort og det vart svart på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.10.2011	Postmottak HOD	Iverksetting av samhandlingsreformen - informasjon om lovpålagte samarbeidsavtaler, ikrafttredelsestidspunkt og arbeidet med en nasjonal veileder
3	I	18.11.2011	Helsedirektoratet	Kommunal medfinansiering - A konto-basert oppgjør 2012
2	I	21.12.2011	Helse Bergen v Magne Høglid Koordinator Samarbeid	Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i
4	I	23.12.2011	Magne Helse Bergen v/Høgelid	Felles grunnlagsdokument og avtaleverk med frist for vedtak 31.01.12.
6	I	20.01.2012	Ørnulf Lillestøl	Vedlegg til sak om avtaler samhandling - tjenesteavtale - grunn
7	I	20.01.2012	Ørnulf Lillestøl	Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og tjenesteavtale for samarbeid om

- Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for.
- **Tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskrivning fra spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus**
- Tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeden.
- Prosess for avtalearbeidet mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet.
- Referat av 16.12.2011 frå møte i samarbeidsutval for Nordhordland
- Forskrift om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta og kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

KRAV TIL AVTALEVERK

Stortinget vedtok i juni 2011 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester. Denne lova forpliktar kommunar og helseføretak til å inngå samarbeidsavtale som skal bidra til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester (§ 6-1). I § 6-2 er det krav til innhaldet i avtalen. I brev frå departementet som vart sendt ut saman med nasjonal veileder for lovpålagte samarbeidsavtalar mellom kommunar og regionale helseføretak/helseføretak står det at det **innan 31.01.12 skal ligge føre samarbeidsavtaler som omfattar følgjande:**

- Semje om kva helse- og omsorgs*oppgåver* forvaltningsnivåa er pålagt ansvaret for, og ein felles oppfatning av kva tiltak partane til einkvar tid skal utføre.
- Retningsliner for *innlegging på sjukehus*.
- Retningsliner for samarbeid om *utskrivingsklare pasientar* som ein går ut i frå har behov for kommunale tenester etter utskriving frå institusjon.
- Samarbeid om omforeina *beredskapsplanar*
- Samarbeid om *planar for den akuttmedisinske kjede*

Innan 01.07.12 skal samarbeidsavtalene som heilskap vera inngått.

Avtalane skal då i tillegg til avtalane ovanfor som minimum innehalde:

- Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkelig hjelp.
- Retningsliner for:
 - gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling for faglige nettverk og hospitering.
 - samarbeid knytt til innlegging, utskriving, habilitering, rehabilitering og lærings- og meistringstilbod for sikre samanhengande helse- og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester.
- Samarbeid om:
 - forskning, utdanning, praksis og læretid.
 - jordmortenester.
 - IKT-løysingar lokalt.
 - førebygging.

Andre tema der det vert tilrådd å lage avtale

- Samarbeid om lokalmedisinske sentre
- Samarbeid om kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik
- Rutine for handtering av avvik og etablering av tilbakemeldings- og evalueringssløyfer

Andre tema der det kan lagast avtale

- Fastlegar og avtalespesialistar
- Samarbeid med andre aktørar, ikkje minst NAV

Fakta**Om dei ulike utkast til samarbeidsavtalar/dokument i saka**

Dette avsnittet omhandlar dei ulike samarbeidsavtalar/dokument, som er vedlagt i denne saka.

Grunnleggsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet.

Dette dokumentet har som mål å vere ei hjelp for partane i å kunne møte samhandlingsreformens utfordringar.

Dokumentet er delt inn i to hovuddelar:

- Del I fastlegg grunnleggjande prinsipp og strategiske grep som skal vere førande for samarbeidet i eit lengre perspektiv
- Del II har eit kortare tidsperspektiv og vil vere ein konkret handlingsplan. Handlingsplanen må rullerast av styrande organ innanfor samhandlingstrukturen for å gjere grunnleggsdokumentet til eit levande styringsverktøy.

Oppsummeringsvis omhandlar Del I korleis kommunen og helseføretaket skal samarbeide:

Prinsipp for samarbeid:

- brukarperspektiv i sentrum
- positive haldningar – kultur og klima
- dialog
- likeverd i samhandling
- likeverd i teneste

Strategiske grep:

- robust og effektiv samarbeidsstruktur
- vidare utvikling av møteplassar – både leining og fag
- felles infrastruktur/elektronisk kommunikasjon
- systematisk evaluering og læring
- ansvarsavklaring
- felles prioriteringar
- god likelydande informasjon/styringsdata tilgjengeleg for partane
- kompetansebygging og rekruttering
- utvikling av felles handlingsplan
- pasientforløpstilnærming. Tre hovudforløp er: 1) Den kronisk sjuke pasienten med samansette lidningar eller funksjonsnedsetjing. 2) Pasienten som treng akutt hjelp. 3) Pasienten som får planlagt (elektiv behandling).

Felles grunnleggsdokument del II gjeld handlingsplan for perioden 2012 – 2013.

- i handlingsplan blir strategiske grep i Del I konkretisert i aktiviteter.
- handlingsplanen skal vere dynamisk og gjennomgå årlege revisjonar

Viser til vedlegg 1 i saka.

Overordnet samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgaver forvaltningsnivåene har ansvar for.

”Avtale” i denne samarbeidsavtalen omfattar både samarbeidsavtalen og fastsette retningslinjer/tenesteavtalar som er omtalt. Føremålet med avtalen er å konkretise oppgave- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket, samt å etablere gode samarbeidsrutinar på sentrale samhandlingsområde. Avtalen skal bidra til at pasientar og brukarar mottak eit heilskapeleg tilbod om helse- og omsorgsoppgåver.

Samarbeidsavtalen skal gi overordna bestemmelser om samarbeidsformer, generelle bestemmelser som gjeld uavhengig av tenesteområde m.v., samt ein prosess for å vedta tenesteavtalar mellom partane.

Partane skal i tenesteavtale gi meir detaljerte bestemmelser, m.a. om konkrete pasientforløp, ansvars- og rollefordeling i forhold til konkrete tiltak, partane sitt informasjons- og rettleiingsansvar, finansiering, organisering, m.v.

Tenesteavtalane skal inngå som vedlegg til samarbeidsavtalen, og er på same måte som samarbeidsavtalen *rettsleg bindande mellom partane* – med mindre anna går fram.

I tilfelle motstrid mellom denne avtalen og tenesteavtalen skal denne avtalen ha forrang.

Elles om den overordna samarbeidsavtalen – m.a.:

- intensjon om at samarbeidet skal vere løysingsorientert
- intensjon om at pasientane/brukarane skal oppleve etterleving av avtalen som fagleg gode, er samordna og heilskapelege, prega av kontinuitet og blir utført på ein god måte på tvers av kommunegrensar og forvaltningsnivå
- samarbeidet skal byggje på likeverd mellom partane
- prosess for vedtaking av tenesteavtalar
- det kan bli inngått særavtalar, dersom ein eller fleire kommunar har spesielle behov – som ligg på side av – eller går utover – det som er avtalt av ordinære rutinar i forhold til tenesteavtalar
- avtalen skal fremme kommunikasjon mellom kommunen og spesialhelsetenesta
- det er eit felles mål at utfordringane skal bli handtert på lågast mogelege nivå
- det er behov for møtepunkt på nivå, der det er mogeleg å adressere eventuell usemje og handtere behovet for justeringar og endringar i avtaleverket
- det skal leggjast til rette for brukarrepresentasjon i alle organ og møtearena som inngår i avtalen

- følgjande styringsstruktur for avtalen: 1) Årleg toppleiarmøte mellom politisk og administrativ toppleiing i alle kommunane, og leiinga ved Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus Solli DPS og Hospitalet Betanien DPS. Føremål: sikre forankring og etterleving av samhandlingsavtalen
- 2) Fire overordna samarbeidsutval, basert på etablerte kommuneregionar: Nordhordland, Voss lokalsjukehusområde, Bergensregionen og Bergen kommune som eigen aktør. Føremål: følgje opp dei underordna avtalar, utvikle og styre nettverk, felles prosjekt, konkrete samarbeidstiltak m.v.
- 3) Samarbeidssekretariat. Føremål: vere ein koordinerande instans med følgjande oppgåver
 - o Sekretariat for de overordnete samarbeidsutvalgene
 - o Sikre koordinering innen samhandlingsstrukturen
 - o Planlegge møter i, og følge opp føringer gitt fra samarbeidsutvalgene og toppleder møte
 - o Holde seg orientert om saker som blir behandlet i de regionale samarbeidsutvalgene og andre underordnede utvalg.
 - o Sekretariatet skal fungere som bindeledd mellom samarbeidsutvalgene, og kan medvirke til å plassere ansvar for behandling av saker i rett instans innenfor samhandlingsstrukturen.
 - o Sekretariatet har ansvar for å gjøre avtalene kjent og formidle disse elektronisk.
 - o plikt til gjennomføring og forankring av avtalen
 - o partane skal ha etablert ordningar for forvaltning av avtalen
 - o involvering av pasient- og brukarorganisasjonar
 - o handtering av usemje/avvik - tvisteløysing
 - o misleghald
 - o varigheit, revisjon og oppseiing. Avtalen trer i kraft frå 01.02.12, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jfr. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 annet ledd.
 - o Partane er samde om å revidere avtalen innan 01.07.2012.

Viser til vedlegg 2 i saka.

Tenesteavtale for samarbeid om innlegging i og utskriving fra spesialisthelseteneste innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS

Avtalen byggjer på den overordna samarbeidsavtalen, prinsipp i grunnlagsdokument for samhandling og Forskrift om kommunal medfinansiering og kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.

Avtalen gjeld for samhandling:

- o i overgangssituasjonar mellom spesialisthelsetenesta og kommunens helse- og omsorgstenester
- o når tilboda frå 1. og 2. line er gjensidig avhengig av kvarandre

Føremål:

- sikre kontinuitet i behandlingsforløpet.
- sikre at helsetenestene blir gitt på rett nivå
- forankre samarbeidet mellom likeverdige partar, med brukaren/pasienten sitt beste i fokus.
- avklare oppgåvefordeling og ansvarsforhold i samarbeidet om einskildbrukare/pasientar ved inn- og utskrivning frå somatisk sektor i spesialisthelsetenesta
- sikre forsvarleg og løpende dialog mellom og innanfor behandlingnivåa
- redusere risiko for uheldige hendingar

Elles om tenesteavtalen – m.a.:

- partanes kontaktpunkt og regulering av tidsrom for kontakt. Kommunens telefonnummer for mottak av varsel skal vere betjent alle dagar mellom kl. 0800 - 1500. Kommunen skal straks kunne svare på varsling, og må etablere eit system for å kunne følge opp alle hendingar med varsel.
- varsel om utskrivingsklare pasient skal bli gitt i dei tilfelle der det er eit behov for kommunale helse- og omsorgstenester etter utskrivning. Der det eventuelt berre er aktuelt med behov for oppfølging frå fastlege etter utskrivning skal ikkje dette kontaktpunkt nyttast. Lege ved behandlingsansvarleg eining på sjukehus tek i dette tilfellet kontakt med fastlegen.
- kontaktrutine for varsling pr. telefon, inntil begge partar har innført elektronisk meldingsutveksling av pleie- og omsorgsmeldingar.
- om tidlegvarsel
- rutinar for samhandling ved innlegging i sjukehus
- rutinar for samhandling når pasienten er innlagt i sjukehus
- rutinar for samhandling ved utskrivning frå spesialisthelsetenesta
- rutinar for samhandling ved poliklinisk konsultasjon/dagkirurgi/dagbehandling
- oppfølging av økonomisk oppgjer for utskrivingsklare pasientar
- handtering av usemje og uønska hendingar.

Viser til vedlegg 3 i saka.

Tenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeden

Denne tenesteavtalen er i samsvar med overordna samarbeidsavtale.

Plikten til å utarbeide omforente beredskapsplanar er slått fast i helse- og omsorgslova og i spesialisttenestelova. I samsvar med nasjonal helse- og sosialberedskapsplan (2007) skal kommunar og helseforetak samordne sine beredskapsplanar.

”Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus (2005 – 03 – 18), har som føremål å ”bidra til å sikre at befolkninga får faglig forsvarlige akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus ved behov for øyeblikkelig hjelp, ved at det stilles krav til det faglige innholdet i de akuttmedisinske tjenestene, krav til samarbeid i den akuttmedisinske kjede og krav til samarbeid med brann, politi og hovudredningsentralane”

I forskrifta pkt 4 *Samhandling mellom de akuttmedisinske tjenestene*, heiter det:

«De regionale helseforetakene og kommunen skal sikre en rasjonell og koordinert innsats i de ulike leddene i den akuttmedisinske kjeden, og sørge for at innholdet i disse tjenestene er samordnet med de øvrige nødetatene, hovedredningsentralene og andre myndigheter. Organiseringen av de akuttmedisinske tjenestene skal legges til rette slik at personellet i disse tjenestene får trening i samhandling. Ved etablering og drift av akuttmedisinske tjenester skal tjenestene kunne kommunisere internt og på tvers av etablerte kommune- og regiongrenser i et felles, lukket, enhetlig og landsdekkende kommunikasjonsnett.»

Føremål: gjennom denne avtale forpliktar partane seg til å vidareføre og utvikle samarbeidet innanfor krise- og katastrofeberedskap, og i utvikling av den akuttmedisinske kjede.

Virkeområde:

- Avtalen omfatter helse- og omsorgstenestas ansvar og oppgåver i den akuttmedisinske kjeden, herunder krise- og katastrofeberedskap, og er avgrensa mot redningstenester som ligg under Justis- og Politidepartementet v/hovedredningsentralen (HRS).
- Samvirkeprinsippet medfører at ressursene ved behov blir stilt til rådvelde for HRS.
- Den akuttmedisinske kjede omfatter medisinsk nødmeldetjeneste, kommunalt helsepersonell i vakt, bil-, båt, og luftambulanser, naudmeldetenesta og mottak for akuttinnleggingar i kommuner og helseforetak.

Samarbeid innanfor krise- og katastrofeberedskap

Partane plikter:

1. å samordne og dele eigne planar for sosial- og helsemessig beredskap for større ulykker, kriser og katastrofar. Dette gjelder bl.a.:
 - a) utarbeide Risiko- og sårbarheitsanalysar som grunnlag for planlegging (ROS-analyser)
 - b) samarbeide om planlegging og gjennomføring av øvingar
 - c) utarbeide planar for forsyning og forsyningstryggleik for legemidlar, materiell og medisinsk utstyr
 - d) beskrive varslings- og krisekommunikasjon

- e) samarbeide om opplæring og vedlikehold av kunnskap og kompetanse i krisehandtering
 - f) innkallingsrutinar for personell
2. å samarbeide med andre naudetater (som brann/redning og politi, redningsteneste), samfunnssektorar og frivillige organisasjonar for å sikre heilskapelege beredskapsplanar og krisehandtering.

Samarbeid om planer og samhandling i den akuttmedisinske kjede

Partene plikter og samarbeid om utvikling av de akuttmedisinske tenester slik at tilbudet samlet blir tilgjengelig og av god kvalitet.

Dette gjelder bl.a.:

- a) halde kvarandre oppdatert om faktiske tilbod i dei ulike tenester i kjeden som sikrar at pasientar så raskt som naudsynt kjem fram til riktig behandlingsstad/-nivå
- b) avklare innhald og kvalitet i døgntilbod for augeblikkeleg hjelp funksjonar, for å unngå overlapping i, og uvisse omkring kva tilbod som blir gitt kor
- c) etablere rutinar som sikrar god informasjonsutveksling og kommunikasjon i akuttmedisinske situasjonar, herunder i planlegging, mottak og bruk av nytt naudnett som er under utbreiding nasjonalt
- d) avklare og beskrive ansvar, roller og rutinar for utrykning og samhandling i akutte situasjonar (alvorleg sjukdom og traumar) i henhald til gjeldande lovverk, avgrensa mot sjuketransport (transport av pasienter som ikkje treng ambulanse) og luftambulanse
- e) delta i og følgje opp nasjonale og regionale satsinger innanfor prehospital akuttmedisin
- f) tilrettelegge for at vaktpersonell i den akuttmedisinske kjeden har naudsynt kunnskap om system, ansvar og roller
- g) ta initiativ til, og delta i, trening og øvingar

Helse Bergen HF skal:

Tilrettelegge for opplæring og trening til personell som inngår i lokale akuttmedisinske team, herunder kurs som Kommune-BEST (Bedre og systematisk traumetrening i kommunehelsetenesten)

Kommunane skal delta i tilrettelagt opplæring og øvingar , herunder å ivareta sin forholds vise andel av kostnadene. Partane *kan* samarbeide om informasjon til, og opplæring overfor andre instanser og innbyggerne for å heve den allmenne beredskap i befolkningen.

Avvik/usemje: viser til overordna samarbeidsavtale vedk. avvik og handtering av usemje. Usemje og tvist etter denne avtalen skal løysast etter bestemmelsene i overordna samarbeidsavtale.

Viser til vedlegg 4 i saka.

Prosess for avtalearbeidet mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet

Dette dokumentet omhandlar m.a.:

- krav til avtaleverk
- status for avtaleverk
- etablering av styringsgruppe og hovudprosjektgruppe
- samarbeidsavtalar/retningsliner med frist 31.01.12 og 01.07.12
- ny overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for
- rutine for handtering av avvik og etablering av tilbakemeldings- og evalueringssløyfer
- tenesteavtale: avtale for inn- og utskriving
- tenesteavtale: samarbeid om omforeina beredskapsplanar og samarbeid om planar for den akuttmedisinske kjede
- avtale/retningsliner med frist 01.07.12. Etablere arbeidsgruppe der det er krav om avtale/retningsline

Viser til vedlegg 5 i saka, samt til pkt. 2.6 Referat frå møte 16.12.2011 i samarbeidsutvalet for Nordhordland.

Referat frå møte 16.12.2011 i samarbeidsutvalet for Nordhordland

Dette referatet gjeld behandling i utvalet av følgjande saker vedk. samhandlingsavtalane – m.a.:

- Felles grunnlagsdokument med handlingsplan
 - Prosess avtaleverk
 - Ny midlertidig overordna samarbeidsavtale
 - Ny avtale om inn- og utskriving – somatikk
 - Midlertidig avtale om beredskap og akuttmedisin
-

Viser til vedlegg 6 i saka, og til pkt. 2.5 Prosess for avtalearbeidet mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet

Forskrift om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta og kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar

I vår samanheng ser vi bort frå den delen av forskrifta som gjeld medfinansiering, og fokuserar på kapittel 3 i forskrifta som omhandlar kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.

Forskrifta skal bidra til betre arbeidsfordeling mellom tenestenivåa i helse- og omsorgstenesta, skape gode pasientforløp og kostnadseffektive løysingar som kan gi pasientar eit like godt eller betre tilbod i kommunens helse- og omsorgsteneste som i spesialisthelsetenesta.

Kapittel 3 ”Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar omhandlar m.a.

- § 7 Vurdering av ein pasient som blir lagt inn på sjukehus
- § 8 Varsling til kommunen om innlagt pasient
- § 9 Vilkår for at ein pasient er utskrivingsklar
- § 10 Varsel til kommunen om utskrivingsklar pasient

- § 11 Melding til sjukehuset om når kommunen kan ta imot pasienten
- § 12 Overføring av utskrivingsklar pasient frå sjukehuset til kommunen
- § 13 Betaling for utskrivingsklare pasientar på sjukehus i påvente av eit kommunalt tilbod
- § 14 Krav på utgreiing
- § 15 Det økonomiske oppgjeret

Viser til vedlegg 7 i saka

Vurdering:

Kommunar og helseføretak er forplikta til å inngå samarbeidsavtalar, som skal bidra til at pasientar og brukarar får eit heilskapeleg tilbod om helse- og omsorgstenester (§ 6-1).

Innan 31.01.12 skal det liggje føre samarbeidsavtalar som omfattar følgjande:

- Semje om kva helse- og omsorgs*oppgåver* forvaltningsnivåa er pålagt ansvaret for, og ein felles oppfatning av kva tiltak partane til einkvar tid skal utføre.
- Retningsliner for *innlegging på sjukehus*.
- Retningsliner for samarbeid om *utskrivingsklare pasientar* som ein går ut i frå har behov for kommunale tenester etter utskrivning frå institusjon.
- Samarbeid om omforeina *beredskapsplanar*
- Samarbeid om *planar for den akuttmedisinske kjede*

Framlegg til overordna samarbeidsavtale omhandlar lokal samhandlingsstruktur og kva helse- og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for, jfr. vedlegg 2.

Tenesteavtalane skal inngå som vedlegg til samarbeidsavtalen.

Tenesteavtalane er:

- Tenesteavtale for samarbeid om innleggelse i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus as
- Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og samarbeid om planar for den akuttmedisinske kjede.

Framlegget er eit fellesframlegg for Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet

”Grunnleggsdokument for samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet. Oppfølging av Samhandlingsreforma 2012” skal vere ei hjelp for partane i å kunne møte Samhandlingsreformens utfordringane.

Vurderingskriteriar

- Er avtalane i samsvar med gjeldande lovverk?
- Er det motstrid mellom overordna avtale og tenesteavtalene?
- Er det motstrid mellom ”Tenesteavtale for samarbeid om innleggelse i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass

- Diakonale Sykehus as” og ” Forskrift om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesten og kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.”
- Handtering av usemje - tvisteløysing

1. Vurderingskriteriet: Er avtalane i samsvar med gjeldande lovverk?

Partane er etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 14.juni 2011 § 6-1 pålagt å inngå samarbeidsavtale og å vedtak retningslinjer/tenesteavtalar

Rådmannen kan ikkje sjå at partane har avtalt seg bort frå dei pliktane dei har etter lov og forskrift. Og heller ikkje at avtalane eller i strid med gjeldande lovverk.

2.Vurderingskriteriet: Er det motstrid mellom overordna avtale og tenesteavtalane?

I tilfelle det er motstrid mellom den overordna avtalen og tenesteavtalen skal den overordna avtalen ha forrang.

Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre noko motstrid i denne samanheng.

3.Vurderingskriteriet: Er det motstrid mellom ”Tenesteavtale for samarbeid om innleggelse i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus as” og ” Forskrift m kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesten og kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.”

Rådmannen vurderar det slik at utkastet til denne tenesteavtalen er innanfor den ramme som den aktuelle forskrift legg til grunn.

4.Vurderingskriteriet: Handtering av usemje – tvisteløysing

Ifølgje den overordna samarbeidsavtalens pkt. 9 er partane sin intensjon å løyse usemje i prinsipielle pasientrelaterte einskildsaker så nær pasient/brukar som mogeleg, på eit lågast mogeleg tenestenivå. Dersom det ikkje blir oppnådd semje skal det opprettast ”uenighetsprotokoll” som skal sendast til medisinsk fagleg rådgjevar i kommunen og det involverte føretak/sjukehus, for drøfting og tilråding av løysing/vidare oppfølging.

I forhold til prinsipielle saker knytt til tenesteavtalar eller tolkning elles av avtalen er partanes intensjon framleis å løyse usemje på lågast mogeleg tenestenivå. Dersom semje ikkje blir oppnådd blir ein ”uenighetsprotokoll” å sende til Samarbeidssekretariatet, som sørgjer for at saka blir brakt inn for det eller dei overordna samarbeidsutval som er berørt, for drøfting og tilråding av løysing.

Dersom semje ikkje blir oppnådd, blir saka å sende til nasjonalt tvisteløysingsorgan. Partane er samde om at uttale herfrå skal vere bindande.

Den nasjonale tvisteløysingsordninga vil vere breidt samansett, og sikre ei uavhengig behandling.

Rådmannen ser det slik at partane sin intensjon om å løyse aktuelle saker på lågast mogeleg nivå, samt oppretting av eit nasjonalt tvisteløysingsorgan er tilfredsstillande for kommunen.

Konklusjon

Rådmannen ser det slik at den overordna samarbeidsavtale med tilhøyrande tenesteavtalar ligg innanfor ramma av aktuelle lover og forskrifter.

Ifølgje den overordna samarbeidsavtalen pkt. 11 er partane samde om å revidere avtalen innan 01.07.2012. Ifølgje avtalens same pkt. kan ein av partane seie opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jfr. også helse- og omsorgslovens § 6-5 andre ledd.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	003/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 11/666
--------------	---------------------

SAK 03/12 - EIGENBETALING PLEIE OG OMSORG FOR 2012 - KORRIGERING I HØVE NYE SATSAR FRÅ DEPARTEMENTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 79.216,-) Pr 1. mai 2011	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 158.432		170,-	
2G - 3 G «	158.432 – 237.648	56,-	581,-	4
3 G - 4 G «	237.648 – 316.864	73,-	733,-	4
4 G - 5 G «	316.864 – 396.080	109,-	1092,-	4
over 5 G «	396.080 -----	145,-	1456,-	4

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 133,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 70,-
- Fribeløpet vert sett til kr. 6.800,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.102,- pr. mnd. (uendra frå 2011) (uendra frå 2009 og 2010. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)

4. Matombringning/sal av mat:

- Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010 og 2011)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 250,- pr mnd for 2011. Fritak for minstepensjonistar.

KS-003/12 VEDTAK:**1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:**

Grunnlag (1G = 79.216,-) Pr 1. mai 2011	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 158.432		170,-	
2G - 3 G «	158.432 – 237.648	56,-	581,-	4
3 G - 4 G «	237.648 – 316.864	73,-	733,-	4
4 G - 5 G «	316.864 – 396.080	109,-	1092,-	4
over 5 G «	396.080 -----	145,-	1456,-	4

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 133,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 70,-
- Fribeløpet vert sett til kr. 6.800,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.102,- pr. mnd. (uendra frå 2011) (uendra frå 2009 og 2010. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)**4. Matombringning/sal av mat:**

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
 Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
 Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010 og 2011)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 250,- pr mnd for 2011. Fritak for minstepensjonistar.**Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:**

Ordførar orienterte. Framlegg til vedtak var samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	17.10.2011	Helse- og omsorgsdepartementet	Rundskriv I-1/2011 Endring av fribeløp og eigendelar for kommunale pleie og omsorgstenester
3	U	02.11.2011	Pleie og omsorg - alle avdelingar	Melding om politisk vedtak - Eigenbetaling pleie og omsorg for 2012
4	I	02.11.2011	Nordhordland eldreråd	Pris på leige av kommunale bustader

BAKGRUNN

Helse- og omsorgsdepartementet opplyser i brev av 21.12.2011 om blant anna Samhandlingsreforma og nye forskrifter.

Med bakgrunn i dette får kommunestyret no denne saka opp på nytt med framlegg frå rådmannen om å korrigera satsane i høve vedtaket frå Helse- og omsorgsdepartementet. Pkt 3 , 4 og 5 i vedtaket er vedteke og det er ikkje endring på dette. Dei er berre med i oppstillinga for å ha satsane samla i eit vedtak. Har gula ut dei tala som det er endring på.

Utsnitt frå departementet sitt brev:

3. Egenandler for kommunale helse- og omsorgstjenester

Helse- og omsorgsdepartementet vedtok 16. desember 2011 forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Regelverket for egenandeler videreføres i all hovedsak. I forskriften presiseres det at det ikke kan kreves egenandel for døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp.

Med bakgrunn i Prop. 1 S (2011-2012) for Helse- og omsorgsdepartementet og Stortingets vedtak, gjøres følgende endringer i fribeløp og egenandeler for kommunale helse- og omsorgstjenester fra 1. januar 2012:

”For korttidsopphold på institusjon endres den maksimale egenandelen kommunen kan kreve av tjenestemottaker fra kroner 129 til kroner 133 per døgn. For det enkelte dag- eller nattopphold på institusjon endres den maksimale egenandelen kommunen kan kreve fra tjenestemottaker fra kroner 68 til kroner 70. Fribeløpet før beregning av vederlag for langtidsopphold i institusjon settes til kroner 6800.

Når det gjelder egenandel per måned for hjemmetjenester i husholdninger med inntekt under 2 G endres dette fra kroner 165 til kroner 170.”

KS-088/11 VEDTAK DEN 25.10.2011:1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = 79.216,-) Pr 1. mai 2011	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 158.432		165,-	
2G - 3 G «	158.432 – 237.648	56,-	581,-	4
3 G - 4 G «	237.648 – 316.864	73,-	733,-	4
4 G - 5 G «	316.864 – 396.080	109,-	1092,-	4
over 5 G «	396.080 -----	145,-	1456,-	4

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 129,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 68,-
- Fribeløpet vert sett til kr. 6.600,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.102,- pr. mnd. (uendra frå 2011)
(uendra frå 2009 og 2010. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 57- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
 Kr. 68- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
 Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane er uendra frå 2010 og 2011)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 250,- pr mnd for 2011.
Fritak for minstepensjonistar.**VURDERING****KONKLUSJON**

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.01.2012	005/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	31.01.2012	004/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-7, N-561.4	Arkivsaknr.: 10/124
---------------------	---------------------

SAK 04/12 - PROSJEKT BRU OVER MASFJORDEN - STATUS OG NY POLITISK ARBEIDSGRUPPE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Statusrapport vert teken til vitring
2. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Karstein Totland, varaordførar Marit Steinestø og formannskapsmedlem Egil Kvingedal.
3. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet.
4. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
5. Rådmannen peikar ut sekretær for gruppa.
6. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov.
7. Kommunestyret bed politisk arbeidsgruppe om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

Finansiering

Saksutgreiinga har ingen tiltak som utløyser finansieringsbehov i seg sjølv, men tiltak pkt. 6 i rådmannen sitt framlegg til vedtak må klargjerast og finansierast i forkant av oppdrag

FS-005/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Statusrapport vert teken til vitring.
2. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Karstein Totland, varaordførar Marit Steinestø og formannskapsmedlem Egil Kvingedal.
3. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet.
4. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
5. Rådmannen peikar ut sekretær for gruppa.
6. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov.
7. Kommunestyret bed politisk arbeidsgruppe om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

Finansiering

Saksutgreiinga har ingen tiltak som utløyer finansieringsbehov i seg sjølv, men tiltak pkt. 6 i rådmannen sitt framlegg til vedtak må klargjerast og finansierast i forkant av oppdrag.

Det skjedde i Formannskapet den 19.01.2012:

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-004/12 VEDTAK:

1. Statusrapport vert teken til vitring.
2. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Karstein Totland, varaordførar Marit Steinestø og formannskapsmedlem Egil Kvingedal.
3. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet.
4. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
5. Rådmannen peikar ut sekretær for gruppa.
6. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov. Det vert sett av inntil kr. 200 000 til ekstern fagkompetanse finansiert ved fond.
7. Kommunestyret bed politisk arbeidsgruppe om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

Finansiering

Saksutgreiinga har ingen tiltak som utløyer finansieringsbehov i seg sjølv, men tiltak pkt. 6 i rådmannen sitt framlegg til vedtak må klargjerast og finansierast i forkant av oppdrag.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Ordførar orienterte kort om saka og møtet med vegdirektoratet, fylkeskommunen og vegvesenet den 19.01.2012.

Det er laga ein foldar / brosjyre om prosjektet som vart delt ut til medlemmane i kommunestyret.

Vigdis Søvik, Sp, spurte om finansieringsløyning for pkt 6 framlegg til vedtak. Rådmannen svara at det er ein pågåande avtale med fagkompetanse pr i dag som er finansiert. Det er dessutan sett av fondsmidlar til prosjektet. Ved inngåing av ny avtale må denne godkjennast av formannskap eller kommunestyre avhenging av kontraktssum.

Willy Borg, FrP, sakna meir fokus på at dette er eit regionalt prosjekt og ein bør sjå litt kritisk på teksten i brosjyra.

Egil Kvingedal, V, stilte spørsmål om at undersjøisk tunell alt er forkasta som alternativ til hengebru / flytebru. Ordførar svarte at kostnaden med undersjøiske tunellar er svært høg for tida. Difor er dette ikkje noko alternativ å jobba vidare med i dag.

Arthur Sjursen, Ap, foreslår at ein på framsida endrar teksten til
Masfjorden kommune presenterer Masfjordsambandet.

Saka vart drøfta. Det vart bede om at brosjyra vart sendt alle kommunestyremedlemmene elektronisk.

Rådmannen sette fram følgjande tilleggssetning til pkt 6:

Det vert sett av inntil kr.200 000 til ekstern fagkompetanse finansiert ved fond.

Framlegg til vedtak med tilleggssetninga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	22.05.2010	Kommunestyret	Referat frå møte i arbeidsgruppa for bru over Masfjorden 21.mai 2010
5	U	01.06.2010	Politisk arbeidsgruppe; Håkon Matre; Liv Oda Dale; Kari Skår Sørheim	Melding om politisk vedtak - Samferdselsutfordringar i Masfjorden kommune - Forprosjekt bru over Masfjorden
6	U	11.01.2011	Kommunestyret	Referat frå møte i arbeidsgruppa den 11.01.11
7	I	13.12.2011	Statens vegvesen	Bru over Masfjorden - skisseprosjekt
8	U	03.01.2012	div. jf. adresseliste	Invitasjon til arbeidsmøte kring bru over Masfjorden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyremøte 8.12.2011 kor brusaka vart omtalt, og kor ein ba om ei sak om status i prosjektet og oppnemning av ny politisk arbeidsgruppe.

FAKTA

Status: Møte med fylkesordførar og formannskap, 2.2.2010 med fokus på samferdselsutfordringar i Masfjorden.

Status: Første halvår 2010 var det i alt 3 saker oppe til politisk handsaming.

KS-011/10 VEDTAK : (25.02.2010)

1. Kommunestyret ønskjer at arbeidet med fastlandssamband over Masfjorden vert intensivert.
2. Kommunestyret ber om at det til neste møte vert lagt fram forslag til organisering og framdriftsplan for arbeidet.
3. Kommunestyret ber rådmannen vurdere oppretting av vegfond og andre finansieringsformer for å utarbeida forprosjekt for fastlandssambandet.

KS-027/10 VEDTAK: (29.04.2010)

1. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Håkon Matre, varaordførar Kari Skår Sørheim og kommunestyremedlem Liv Oda Dale.
2. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet. Gruppeleiar frå Venstre vert kalla inn til denne saka, slik at alle dei politiske partia kan følgja arbeidet tett.
3. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
4. Rådmannen /ass. rådmann er sekretær for gruppa.
5. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov.
6. Kommunestyret bed om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

KS-051/10 VEDTAK: (17.06.2010)**Kommunestyret løyver 1. mill kr til arbeidet med forprosjekt , Bru over Masfjorden.**

Status: møte i arbeidsgruppa for fjordkryssing/bru, 21.05.2010 og 11.01.2011

Status: seismiske undersøkingar av fjorden
Geomap a.s. har i februar 2011 levert rapport for arbeid utført med kartlegging av sjøbotn og lausmasser i Masfjorden. Undersøkinga syner ein markert rygg med største djupne til botn på ca. 70-75 meter. Ryggen viser seg å bestå av faste morenemasser. Djupne til fjell er ca. 150 – 155 meter midtfjords. Med minimum 50 meters overdekning vil ein eventuell undersjøisk fjelltunnel måtte gå ned til kote -200 eller lågare. Med maks. stigning på 8% vert ein undersjøisk tunnel over 5 km lang.

Status: rapport frå konsulent, august 2011

Tekniske forprosjekt *Undersjøisk tunnel*

På grunnlag av dei seismiske undersøkingane skal det skisserast ein mogleg trasé for undersjøisk tunnel, men framlegg til løysing for tilknytning til eksisterande vegnett. Vegkonsulent er kontakta med sikte på å få produsert skisser.

Hengebru

Det har vore møte mellom Masfjorden kommune, Statens vegvesen, Region vest og Bruavdelinga i Vegdirektoratet for å drøfte alternative tekniske løysingar. Bruavdelinga i Vegdirektoratet har tatt på seg å lage eit teknisk forprosjekt for hengebru. Masfjorden kommunen skal medverke med skisseløysingar for vegtilknytning på begge sider av fjorden.

Flytebru

Det er uvisst om flytebru er ei aktuell løysing. Statens vegvesen vil vurdere dette vidare. Det er førebels ikkje sett i gang arbeid med teknisk forprosjekt.

Trafikk- og finansieringsanalysar

Det er starta opp arbeid med å kartleggje trafikkgrunnlaget for eit framtidig fastlandssamband. På grunnlag av trafikkprognosar vil det bli utført kalkylar av grunnlag for delvis bompengefinansiering.

Det er lagt opp til å presentere ein forprosjektrapport i løpet av våren 2012. Det er naturleg at denne vert handsama av Hordaland fylkeskommune som del av Regional Transportplan (RTP). Det er ikkje realistisk å få midlar til prosjektet i samband med planperioden 2014-17, men ein kan ha som mål at prosjektet vert omtala. Med positive signaler frå RTP kan det vere aktuelt å starta reguleringsarbeid i 2014. Dette tek normalt ca. 2 år. Deretter kjem prosessen med bompengesøknad og kvalitetssikring (KS2) før saka vert avgjort i Stortinget. Med godkjent reguleringsplan i 2016 vil det kunne ta 4 år med bompengesøknad, handsaming i Stortinget, samt førebuande arbeid med detaljprosjektering og anbudsprosess. Dette vil gje byggjearbeid i 2020.

Status: **Kommuneplanen**

Bru over Masfjordenvegen til vekst og utvikling

Hovudmål

Bru over Masfjorden innan 2020

”Ei bru over Masfjorden vil bety minst like mykje for utviklinga i Masfjorden og Gulen som det Nordhordlandsbrua har gjort for Nordhordland og Bergen.”

Bakgrunn

Ferjefri kryssing av Masfjorden har i fleire tiår vore eit tema, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Då traseen for kyststamvegen (noverande E39) skulle leggjast, var bru over Masfjorden, for å unngå fjellovergangen i Romarheimsdalen, eit heitt tema i fleire fasar. Det noverande vegnettet, med ferje frå Masfjordnes til Duesund, har vore slik frå siste del av 1980-talet. Alt før Austfjordvegen var ferdig i 1988 var arbeidet med ei mogeleg ferjefri kryssing av Masfjorden på nytt sett på dagsorden, og i 1989 vart det utarbeidd rapportar for alternative kryssingsmåtar og trafikk- og konsekvensanalyse. Av ymse grunnar vart ikkje dette prosjektet arbeidd vidare med på 1990-talet. Kostnadane verka nok litt skræmmande, og kring denne tida vart det også snakk om ei mogeleg løysing med kabelferje som kunne gå heile døgnet når folk trong ho, - kanskje også gratis. Den kabelferjeløysinga som vart sett i drift i 2002 stod nok ikkje heilt til dei forventningane innbyggjarane hadde, men ferja har tross det vore ei meir tenleg løysing enn det gamle ferjesambandet på strekninga Masfjordnes – Duesund.

Den nyare tid

I 2006 vart ferjefri fjordkryssing på nytt sett på dagsorden, og det vart definert som eit av delprosjekta under hovudprosjektet ”Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden”.

Hovudmålet med prosjektet var å snu den negative folketalsutviklinga vi har sett i kommunen dei siste 30–40 åra. Kommunikasjonar har svært mykje å seia for ein kommune sin attraktivitet, og det å heile tida vera avhengig av ei ferje tel sterkt i negativ retning. Ferjestrekninga verkar heilt klårt som ei kløft i det sosiale livet i ytre del av Masfjorden, og det vil vera av stor positiv betydning for heile halvøya nord for Fensfjorden og heile Sørsida om fjorden kunne kryssast ferjefritt mellom Masfjordnes og Duesund. Næringslivet ynskjer sterkt eit ferjefritt samband, og det er etter kvart store forventningar til at sambandet skal koma på dagsorden i offisielle samferdselsplanar. Med den betydninga ei ferjefri kryssing av Masfjorden vil ha for utviklinga av området på begge sider, er det i kommuneplanssamanheng naturleg å setja bruprojektet opp som det store, overordna målet for samfunnsdelen i planperioden. Det at kommunen er delt av fjorden og avhengig av ferje, skaper kostnadsauke og mange utfordringar og hindringar. Å få ei bru over fjorden vil gje nye moglegheiter for

- drift og utvikling i næringslivet
- arbeidsmarknaden/pendlarane
- det kulturelle og sosiale samkvemet i bygda
- effektiv og likeverdig drift av kommunale tenester i dei tre oppvekstområda
- arbeidet med å leggja til rette for senterdanning i kommunen

I perioden som har gått, har Masfjorden sett av midlar til forprosjekt for bru over fjorden, gjennomført kartlegging av sjøbotnen og djubdemålingar for brutraseen og etablert kontakt med vegvesenet og fylkeskommunen om bruprojektet. Bru over Masfjorden har vore presentert og drøfta på næringskonferansen for Masfjorden og Gulen. Prosjektet har første prioritet i lokalsamfunnsutviklinga for Masfjorden. Masfjorden kommunestyre står samrøystes bak satsinga på bru over fjorden og utbetring av Fv 570 Andås - Masfjordnes. Brua vil vera avgjerande for å sikra at Masfjorden er ein attraktiv stad å bu. Brua vil medverka til å skapa:

- Eit næringsliv i vekst og utvikling
- Gode bustadområde og levande bygder
- Gode levekår, trivsel og livskvalitet
- Kultur- og aktivitetstilbod for alle
- Gode kommunikasjonar

Masfjorden kommune si strategiske hovudsak og fremste prioritet i kommuneplanperioden er bru over Masfjorden.

Status: teknisk løysing og skisse for bru, Statens vegvesen, desember 2011

Kostnader for flytebru og hengebru over Masfjorden

Statens vegvesen sine vurderingar kring kostnader for flytebru og hengebru over Masfjorden er kopla til erfaringstal frå Dalsfjordbrua for beregning av kostnadene for hengebru, mens Bergsøysundbrua og KVU-ene fra E39 benyttes som grunnlag for beregning av kostnadene for flytebru.

De forventede entreprisekostnadene (prisnivå er 2011-kroner) for kryssing av Masfjorden er:

Hengebru: 583 millioner kroner

Flytebru: 600 millioner kroner

Stål 5 500 tonn x 60 000 kr/tonn ≈ 330 mill.	330 mill.kr
Betong i pontonger 4 500 m ³ x 16 000 kr/m ³	70 mill.kr
Viadukter 1 000 m ³ x 16 000 kr/m ³	15 mill.kr
Landfester 4 000 m ³ x 16 000 kr/m ³	65 mill.kr
Smidde stålstag i landfeste 2 x 10 mill.	20 mill.kr
Marine operasjoner	50 mill.kr
Annet (asfalt, rekkverk, etc.) 800 m x 60 000 kr/m	50 mill.kr
Totalt ≈ 600 mill.	600 mill.kr

VURDERING

Ferjefri kryssing av Masfjorden har det vore jobba med lenge, og gradvis meir intensivt (både i eigen regi, og gjennom andre instansar og konsulentar) – men målet om å få fram saksgrunnlag og sak i løpet av fylkestingperioden 2007-11 rakk ein ikkje. Ein har no eit grunnlag i form av seismiske undersøkinga, konsulentrapport og skisse/tekniske løysingar frå statens vegvesen til ytterlegare intensivering av arbeidet. Den 19. januar 2012 vert det gjennomført eit stort møte med alle involverte partar.

Agenda for arbeidsmøtet

- bakgrunn
- status plan – og utgreiingsarbeidet
- skisser og løysingsalternativ for bru
- alt. løysingar tilkomstvegar til bru
- vidare arbeid
 - o plan
 - o finansiering
 - o eventuelt
- Synfaring

Den store utfordringa vert å finne finansiering som gjev grunnlag for realisering av prosjektet. Her vil ferjeavløysingsmidlar, bompengar, statlege og fylkeskommunale midlar elles, og ein eller annan medverknad frå kommunen si side. Kommunen har tilført fylkeskommunen mykje midlar gjennom konsesjonskraftmidlar over mange år, og slik sett meiner vi at fylket bør tilføre kommunen/regionen noko att, og at medfinansiering av dette prosjektet er heilt i tråd med tidlegare bruk av konsesjonskraftmidlane frå fylket si side.

Ferjefri kryssing av fjorden er satsingsområde nr.1, og meiner ein noko med det, må dette vise at i satsinga, og ein må etter kvart byrje å sette av eigne midlar til prosjektet, utover det som allereie er sett av. Ein må difor vurdere å øymerka deler av konsesjonsavgifta framover, og sette av deler av tilføring av midlar til kraftfondet til føremålet.

Ny politisk arbeidsgruppe tilrår ein vidareført etter mal frå tidlegare, men vil tilrå at ein vurderer å utvida med fleire interessentar – næringslivet – andre lokale og evt. fylkeskommunale representantar for å sikre vidare engasjement og medverknad.

Organisering, og det faktum at arbeid med realisering av ferjefri kryssing av Masfjorden vert eit omfattande og tidkrevjande arbeid – ser ein til andre liknande prosjekt er dei svært ofte organisert med eige selskap – AS selskap. Dette er eit forhold som ein bør jobbe vidare med å få avklart, og ein treng ekstra ressursar som kan arbeide fram prosjektet.

For å byggje opp under prosjektet, skulle ein ha fått utarbeidd ein samfunnsøkonomisk analyse av bruprojektet, i stadenfor konsulentoppdrag, kunne ein ha lansert dette som eit behov ved ein høgskule, og fått dette utarbeidd som ei prosjektoppgåve ved ein høgskule.

KONKLUSJON

Ein legg her fram ein statusrapport, og forslag til politisk arbeidsgruppe, samt ein del tankar som ein kan jobbe vidare med i arbeidsgruppa/politiske fora.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	005/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-MØTEBØKER	Arkivsaknr.: 12/53
--------------------	--------------------

SAK 05/12 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	11/5163	I	23.11.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Oppsummering av statleg satsing på kommunalt barnevern i Hordaland - november 2011
2	11/5200	I	07.12.2011	NGIR	Referat frå representantskapsmøte 31.10.2011
3	11/5457	I	01.12.2011	KRÅD Det kriminalitetsførebygg ende råd	Åpent brev til nyvalde kommunepolitikarar om kriminalitetetsførebygging generelt og om rus og vold og alkoholpolitikk
4	11/5459	I	19.12.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Skatt på eige og inntekt pr 30. november 2011
5	12/133	X	11.01.2012		Merknader til framlegg til kommuneplanen for Masfjorden kommune etter offentleg høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

SAK 005/12 – SKRIV OG MELDINGAR**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	11/5163	I	23.11.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Oppsummering av statleg satsing på kommunalt barnevern i Hordaland - november 2011
2	11/5200	I	07.12.2011	NGIR	Referat frå representantskapsmøte 31.10.2011
3	11/5457	I	01.12.2011	KRÅD Det kriminalitetsførebyggende råd	Ope brev til nyvalde kommunepolitikarar om kriminalitetsførebygging generelt og om rus og vold og alkoholpolitikk
4	11/5459	I	19.12.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Skatt på eige og inntekt pr 30. november 2011
5	12/133	X	11.01.2012		Merknader til framlegg til kommuneplanen for Masfjorden kommune etter offentleg høyring Eige hefte
6	09/451	N	19.12.2012	Rådgj. Alf Strand	Nasjonale prøvar 2011

KS-005/12 VEDTAK :

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Til skriv 5 – Merknader til framlegg til kommuneplan for Masfjorden kommune etter offentleg høyring

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om innkomne merknader til høyringsframlegget. Merknaden frå vegvesenet om at brutrase over Masfjorden må med i arealplankartet fører til at planen må ut på ny høyring.

Kommuneplanen skal sendas ut på ny høyring etter vedtak i ekstra kommunestyremøte den 21.02.2012 (etter formannskapsmøte same dag).

Til skriv 6 – Nasjonale prøvar 2011

Rådgjevar Alf Strand orinetert om nasjonale prøvar generelt og litt om resultatata spesielt for Masfjorden kommune.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	006/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/52
-----------	--------------------

Delegerte vedtak

DRÅD. 001/12: IUA Bergen - Val av årsmøtorepresentant frå Masfjorden kommune for valbolken 2011 - 2015

Masfjorden kommune oppnemner fylgjande representant og vararepresentant til årsmøte i IUA Bergen – interkommunalt utval mot akutt forureining for valbolken 2011 – 2015:

Representant: Brannsjef Sigvald Kvinge, 5986 Hosteland

Vararepresentant: Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl, 5986 Hosteland

Finansiering

Heimel

DRÅD. 002/12: Melding om delegert vedtak - val av representantar til DIHVA Driftsassistansen for Hordaland for valbolken 2011 - 2015

Masfjorden kommune oppnemner fylgjande representant og vararepresentant til å møta i representantskapet for Driftsassistansen Hordaland (DIHVA) for valbolken 2011 – 2015:

Representant: Fagarbeidar Gunnar Molland, 5986 Hosteland

Vararepresentant: Teknisk sjef Terje Kallekleiv, 5981 Masfjordnes

DRÅD. 004/11: Kommunal informasjon 2012

DELEGERT VEDTAK:

Rådmannen inngår avtaler med lokalavisa Strilen om informasjonssider i inntil 11 utgåver med fulldistribusjon i 2012.

Ordninga med skal evaluerast ved utgangen av året.

Finansiering

Heimel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-006/12 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	007/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-102, N-13, GNR-30/37	Arkivsaknr.: 11/279
-------------------------------	---------------------

SAK 07/12 - BUDSJETT 2012 VEDLIKEHALD - KOMMUNALE BYGG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret prioriterar vedlikehald/investering av kommunale bygg i samsvar med administrasjonen sitt framlegg som ligg innafør råmene av gjeldande budsjett for 2012. For kommunale bygg er råma for 2012 kr. 2 000 000,- totalt.

Heimel

Kommunelova § 45

KS-007/12 VEDTAK:

Kommunestyret prioriterar vedlikehald/investering av kommunale bygg i samsvar med administrasjonen sitt framlegg som ligg innafør råmene av gjeldande budsjett for 2012. For kommunale bygg er råma for 2012 kr. 2 000 000,- totalt.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv møtte til denne saka. Ordførar orienterte kort og svarte på spørsmål.

Marit Steinestø, KrF, ønskjer å vite kva om ligg innafør summen på 2 mill når det gjeld inneklima på skulane. Det er og ønskje frå KrF om gruppeleiar møte. Rådmannen svarte ved å vise til utsendt skjema over prioriterte tiltak innafør budsjett.

John Torsvik, H, etterlyste vedlikehald på Sleire skulemuseum. Rådmannen svarta at saka gjeld investering, vedlikehald på skulemuseum vert å føre på drift.

Frode Langhelle, H, peika på at nokre av småpostane i utsendt skjema ikkje burde vore ført på investering, og ber om at det vert rydda i dette. Langhelle spurte og om definisjonen for investering. Rådmannen svarte at definisjonen for investering er eit tiltak med 3 års levetid og kostande på kr.100 000.

Egil Kvingedal, V, spurte om behovet for FDV-dokumentasjon av kommunale bygg. Betyr det at me ikkje har dette? Teknisk sjef svara at det var tilstanden for heile bygget ein skulle kartlegge.

Tove Kristin Sleire Tistel, V, spurde kva ein gjer vidare for at ikkje kommunale bygg skal forsette å vere ein stor kostnad både i investering og driftsbudsjett. Rådmannen svara at det i oversikta er eit stort avvik mellom innmeldt behov og det ein kan make å gjennomføre. Det er difor viktig å frigjere noko bustadmasse framover.

Frode Langhelle, H, bad på nytt om at ein såg over utsendt skjema ein gong til å delte oppgåvene betre mellom drift og investering. Rådmannen svarte at ein kunne overføre kr.200 000 frå investering til driftsbudsjettet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Avdeling for Teknisk, Miljø og Landbruk fekk i oppdrag å leggje fram eit forslag til prioritering av investering og vedlikehald av kommunal bygningsmasse innafor eksisterande budsjett.

For å gjennomføre dette har avdelinga bedt dei ulike einingane om innspel – i tillegg til eigne vurderingar av tilstanden.

FAKTA

Tilstanden til kommunale bygg og anlegg kjem fram av vedlagt skjema som gjev ei totaloversikt over alle innspel i saka.

På grunn av liten registreringskapasitet i høve til tidsfrist kan det vera manglar i oversikta som ikkje er kome med.

VURDERING

Administrativ prioritering ligg på ca. 15 mill. for å sikre eit berekraftig vedlikehald.

Administrativ tilråding minimum på ca. 6,5 mill. er vår vurdering av kva som er forsvarleg for å unngå helseskade, fare eller større økonomiske konsekvensar.

KONKLUSJON

Administrasjonen har prioritert innafor råma i samsvar med budsjettet for 2012.

Konsekvensen av dette er at for 2012 vil vedlikehaldet av kommunale bygg få eit lågare nivå enn det som er nødvendig for å oppnå eit berekraftig vedlikehald. Uavhengig av marknadsverdi vil samla verdi av kommunale bygg slik bli redusert.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	008/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-563.2	Arkivsaknr.: 11/228
----------------	---------------------

SAK 08/12 - BUDSJETT 2012 - KOMMUNALE VEGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret prioriterar vedlikehald/investering av kommunale vegar i samsvar med administrasjonen sitt framlegg som ligg innafor rãmene av gjeldande budsjett for 2012. For kommunale vegar er rãm for 2012 kr. 2 166 000,- totalt.

Heimel

Kommunelova § 45

KS-008/12 VEDTAK:

Kommunestyret prioriterar vedlikehald/investering av kommunale vegar i samsvar med administrasjonen sitt framlegg som ligg innafor rãmene av gjeldande budsjett for 2012. For kommunale vegar er rãm for 2012 kr. 2 166 000,- totalt.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv møtte til denne saka. Ordførar orienterte kort og svarte på spørsmål.

Kjetil Fjellby, H, peika på at kan vere nokre veglengder som ikkje er med i oversikta. Dette gjeld for eksempel vegen ned til Skutevika (rode 6).

Bjørn Egil Nordland, Ap, – spurte om det alt var nedsett akseltrykk på bru i til Hope. Teknisk sjef svart at det ikkje var gjort endå men at det ville bli gjort viss ikkje brua vart utbetra.

Marit Steinestø, KrF, peika på at vegen frå Soleheim kai til grendahuset held på å sige ut. Vegstubben kan ikkje seiast å vere ok.

Egil Kvingedal, V, sprute om det var fagleg vurdert om at brua var farleg å køyre over måtte brua stengast. Rådmannen svarte at ein var i dialog med BKK om kostnadsdeling for utbetring av desse bruene.

Tove Kristin Sleire Tistel, V, peika på at parkering i samband med kommunehuset ikkje berre gjeld fysiske ting som dekke, men og forholda for mjuke trafikantar.

Terje Sætre, Sp, meinte at for veg til legene - Kalhovda bør prioritering for asfaltering endrast frå 2 til 1. Det har minka betydeleg på denne vegen i vinter..

Willy Borge, FrP, stilte spørsmål om kva ein meinte med represjonsasfalt. Teknisk sjef svarte at det var ein avtale frå tidlegare ein måtte oppfylle.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Avdeling for Teknisk, Miljø og Landbruk fekk i oppdrag å leggje fram eit forslag til prioritering av investering og vedlikehald av kommunale vegar innafør eksisterande budsjett.

Dette er gjort m.a. etter synfaring av dei fleste kommunale vegar.

FAKTA

Tilstanden til kommunale vegar og tilhøyrande anlegg kjem fram av vedlagt skjema som gjev ei totaloversikt over alle innspel i saka.

Bru 1 og 2 i Stordalen har så omfattande behov for vedlikehald at vesentlege delar eller heile konstruksjonen må skiftast. Ei avklaring av kva me skal gjera med bruene er nødvendig fordi dette ikkje kan vurderast ut frå dei økonomiske râmene som no ligg føre. Desse er difor prioritert noko ned i dette innspelet til budsjettet.

VURDERING

Administrativ tilråding ligg på ca. 5,6 mill. for å sikre eit berekraftig vedlikehald av eksisterande veganlegg.

Innafor gjeldande budsjett er det svært vanskeleg å prioritere – men enda opp med 2,166 mill. for 2012.

KONKLUSJON

Administrasjonen har prioritert tilnærma innafør râma i samsvar med budsjettet for 2012.

Konsekvensen av dette er at for 2012 vil vedlikehaldet av kommunale vegar og tilhøyrande anlegg vil få eit lågare nivå enn det som er nødvendig for å oppnå eit berekraftig vedlikehald.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.01.2012	009/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 12/57
--------------	--------------------

SAK 09/12 - BUDSJETTSALDERING AV ÅRSBUDSJETTET FOR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Driftsbudsjettet for 2012 vert saldert i tråd med pkt. 1-4 i saksutgreiinga,

Budsjettskjema 1A	
	Budsjett 2012
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	
Skatt på inntekt og formue	-46 100 000
Ordinært rammetilskudd	-55 900 000
Skatt på eiendom	-20 750 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000
Andre generelle statstilskudd	0
Sum frie disponible inntekter	-125 110 000
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER	
Renteinntekter og utbytte	-1 962 500
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 500 000
Avdrag på lån	4 300 000
Netto finansinntekter/-utgifter	4 837 500
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER	
Til dekking av tidligere års underskot	
Til ubundne avsetninger	2 430 000
Til bundne avsetninger	
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige overskot	
Bruk av ubundne avsetninger	-2 138 000
Bruk av bundne avsetninger	-400 000
Netto avsetninger	-108 000
FORDELING	
Overført til investeringsregnskapet	1 700 000
Til fordeling drift	-118 680 500
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	117 480 500
Merforbruk/mindreforbruk = 0	-1 200 000

Budsjettskjema 1B	
Fordelt til;	
Folkevalte organ:	1 953 500
Administrasjon:	12 311 300
Barnehage:	11 353 700
Skule:	35 976 700
Helse:	10 637 500
Sosial- og barnevern:	6 616 000
Pleie- og omsorg	37 152 100
Kultur:	5 560 500
Kyrkja:	3 348 200
Teknisk:	6 531 700
Andre tenesteområdet:	-13 960 700
	117 480 500

medan pkt. 5 og andre endringsbehov vert teke opp i budsjettrevisjon mai/juni.

- 2) Investeringsbudsjettet for 2012 vert saldert, og tiltak som følgjer;

Budsjettskjema 2B	
Investeringsprosjekt;	
EDB - felles	500 000
Kommunale vegar	2 150 000
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000
Opprusting kommunale bygg	2 000 000
Vassforsyning	425 000
Brann - utstyr og bilar	1 875 000
Summering investering i anleggsmidlar	7 700 000

Og auke med 90.000 vert finansiert med overføring frå drift., slik at denne summen vert auka frå 1.610.000 til 1,7 mill.kr.

Budsjettskjema 2A	
Budsjett 2012	
FINANSIERINGSBEHOV	
Investering i anleggsmidlar	7 700 000
Utlån og forskoteringar	850 000
Årets finansieringsbehov	8 550 000
FINANSIERING	
Bruk av lånemidlar	-4 600 000
Tilskot til investeringar	-500 000
Sum ekstern finansiering	-5 100 000
Overført frå driftsrekneskapen	-1 700 000
Bruk av avsetjingar	-1 750 000
Sum finansiering	-8 550 000
Udekka/udisponert = 0	0

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettsaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2012.

Utskrift til:

Driftseiningane

Fylkesmannen i Hordaland og Revisjonen

KS-009/12 VEDTAK:

- 1) Driftsbudsjettet for 2012 vert saldert i tråd med pkt. 1-4 i saksutgreiinga,

Budsjettskjema 1A	
	Budsjett 2012
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	
Skatt på inntekt og formue	-46 100 000
Ordinært rammetilskudd	-55 900 000
Skatt på eiendom	-20 750 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000
Andre generelle statstilskudd	0
Sum frie disponible inntekter	-125 110 000
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER	
Renteinntekter og utbytte	-1 962 500
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 500 000
Avdrag på lån	4 300 000
Netto finansinntekter/-utgifter	4 837 500
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER	
Til dekking av tidligere års underskot	
Til ubundne avsetninger	2 430 000
Til bundne avsetninger	
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige overskot	
Bruk av ubundne avsetninger	-2 138 000
Bruk av bundne avsetninger	-400 000
Netto avsetninger	-108 000
FORDELING	
Overført til investeringsregnskapet	1 700 000
Til fordeling drift	-118 680 500
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	117 480 500
Merforbruk/mindreforbruk = 0	-1 200 000
Budsjettskjema 1B	
Fordelt til;	
Folkevalte organ:	1 953 500
Administrasjon:	12 311 300
Barnehage:	11 353 700
Skule:	35 976 700
Helse:	10 637 500
Sosial- og barnevern:	6 616 000
Pleie- og omsorg	37 152 100
Kultur:	5 560 500
Kyrkja:	3 348 200
Teknisk:	6 531 700
Andre tenesteområdet:	-13 960 700
	<u>117 480 500</u>

medan pkt. 5 og andre endringsbehov vert teke opp i budsjettrevisjon mai/juni.

KrF ber om få vurdert ein vaktmeisterteneste innafør driftsbudsjettet.

- 2) Investeringsbudsjettet for 2012 vert saldert, og tiltak som følgjer;

Budsjettskjema 2B	
Investeringsprosjekt;	
EDB - felles	500 000
Kommunale vegar	2 150 000
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000
Opprusting kommunale bygg	2 000 000
Vassforsyning	425 000
Brann - utstyr og bilar	1 875 000
Summering investering i anleggsmidla	7 700 000

Og auke med 90.000 vert finansiert med overføring frå drift., slik at denne summen vert auka frå 1.610.000 til 1,7 mill.kr.

Budsjettskjema 2A	
Budsjett 2012	
FINANSIERINGSBEHOV	
Investering i anleggsmidler	7 700 000
Utlån og forskoteringar	850 000
Årets finansieringsbehov	8 550 000
FINANSIERING	
Bruk av lånemidler	-4 600 000
Tilskot til investeringar	-500 000
Sum ekstern finansiering	-5 100 000
Overført frå driftsrekneskapen	-1 700 000
Bruk av avsetjingar	-1 750 000
Sum finansiering	-8 550 000
Udekket/udisponert = 0	0

Det skjedde i Kommunestyret den 31.01.2012:

Rådmannen orienterte kort og saka vart drøfta.

Utgangspunktet med saldering av budsjett allereie i januar vert for tidleg – noko ein må ta omsyn til seinare år.

Det vart fremja eit utsetjingsframlegg frå V,

Forslag til vedtak:

Venstre foreslår med dette å utsetja budsjettssalderinga til kommunestyremøtet 27.03.12. Dette fordi alle tenesteendringar ikkje er konkretisert med budsjettendringar pr.dd. Me ser og at kostnadsbildet med samhandlingsreforma endra seg drastisk frå førre kommunestyremøtet og fram til i dag. Dette gjer nok med heile det økonomiske bildet og målet med eit 3% netto driftsresultat

som etter drøfting vart trekt.

Marit Steinestø, KrF, sette fram følgjande framlegg til tilleggstekst::

KrF ber om få vurdert ein vaktmeistertjeneste innafor driftsbudsjettet.

Røysting:

Det vart først røysta over tilleggsteksten etter framlegg frå KrF. Tillegget vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over heile framlegget samla. Framlegg til vedtak med tilleggsteksten vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Ein tek salderingssak av 2012 budsjettet i første Kommunestyremøte på nyåret, etter budsjettprosessen som førte fram til endeleg budsjettvedtak (des. '11 for årsbudsjettet 2012), for å få på plass rullering og konkretisere tiltak under opprustingstiltak kommunale bygg og tilsvarande vegar, samt eit driftsbudsjett med 3% i netto driftsresultat.

FAKTA**Investeringsbudsjettet;**

Rullering og konkretisere tiltak under opprustingstiltak kommunale bygg vert lagt fram som eiga sak, og tilsvarande kommunale vegar. Samla sett for desse områda tilsaman er det budsjettert med 3,66 mill.kr. brutto. Ein legg til grunn litt omprioritering innafor desse føremåla for 2012 i framlegg til budsjettsaldering

Kommunale bygg – investeringar 2012: 2 mill.kr, ned frå 3 mill.kr. i opphavleg budsjett
Kommunale vegar – investeringar 2012: 2,15 mill.kr., opp frå opphavleg 660.000 + grøfte reinsking og kantklypping med i alt 250.000 som vert del av driftsbudsjettet.

Kuttar litt i løyvinga til VA tiltak, slik at budsjettsalderingane samla sett vert innafor ramma som opphavleg budsjett ga.

Dei andre innarbeidde tiltak under investeringstiltak 2012 er spesifiserte tidlegare, med nokre unntak, som VA tiltak, og her føreslår ein følgjande tiltak;

Vatn og avlaup - 2012. Masfjorden kommune			
Tiltak	Adresse	Beskrivelse	Estimert kostnad
Septikktank	Haugsvær	Ny 1 kammer tank	100 000,00
Alarmsystem	Haugsvær	Utringersystem for høgdebass.	50 000,00
	Solheim	Haugsvær v v og Soheim v v.	
Beredskapstank 10m ²			100 000,00
Kloakkpumper	Hosteland	2 stk. kloakkpumper	88 100,00
Vasspumpe	Andvik ppst.	Reservepumpe uten atomatisering	35 600,00
Vedlikehald	Haugsvær	Pumpestasjonar	50 000,00
byggningsmasse	Solheim		
	Andvik		
	Kvingo		
	Hosteland		
Sum Invest. og vedlikehald:			423 700,00 + mva

Vidare skal tiltak innarbeidd i 2011 budsjettet eller tidlegare, som ikkje er fullførte, og som held fram i 2012, innarbeidast på nytt i 2012 budsjettet. Desse forholda må vi ta i ein seinare budsjettrevisjon.

Driftsbudsjettet;

Ønskje her var å rullere 2012 budsjettet, slik at ein oppnådde 3% i netto driftsresultat, ved reduksjon i rammeløyvingane og/eller inntektsauke, og at ein held tilskot samhandlingsreform utafor – tilskot avsett 100% til fond.

1) Samhandlingsreforma – oppretting av eiga teneste 24109 for å synleggjere dei økonomiske forholda knytt til reforma.

Planen var å sette av løyvde midlar til fond i 2012, noko som styrka netto driftsresultat, og er innarbeidd i opphavleg 2012 budsjett.

Rett på nyåret fekk vi melding om akonto rekning til helseføretaka/staten, som for Masfjorden sin del medfører førebels tilbakebetaling med om lag 1,5 mill.kr., av tildelte midlar med 2,3 mill.kr., og kor dette berre gjeld deler av det som vi må rekne med å få i rekningar. Dette inneber at vi må gjere om på vedtaket om avsetjing til fond, og dermed svekkar dette netto driftsresultat vesentleg – og dette gjer arbeidet med å saldere driftsbudsjettet slik at ein oppnår 3% i netto driftsresultat svært vanskeleg. I tillegg er kommunen med på div. regionale tiltak knytt til samhandlingsreforma, som og må lastast teneste 24109 samhandlingsreforma under rammeområde helse – slik at salderinga vert at midlar til samhandlingsreforma vil i stor grad gå ut at til reelle tiltak/rekningar i 2012, og i den grad vi klarer å spare midlar vert desse sett av til fond øyremerka lokale tiltak samhandlingsreforma.

2) Skule – her er det føreteke endringar, som summerer seg til 250.000

3) Eigedomsskatt, auke skattegrunnlag kraftverk pga endring i auka makstakst, ny taksering av eksisterande verk og bruk, og taksering og utskrivning av eigedomsskatt oppdrettsanlegg, samla meirinntekt ca. 800.000,-, men og litt kostnader med taksering, netto 750.000 som inntektsaukegrunnlag

4) andre tenesteområder har vi ikkje konkretisert med budsjettendringar enno. Budsjettsaldering i januar er for tidleg, har ikkje avslutta førre år, og heller ikkje fått endelege folketal 1.1.2012 som dannar grunnlag for endring av frie inntekter. Men reduksjon for dei andre rammeområda på 200.000,- er realistisk, slik at reduksjon i driftsbudsjettet med 1,2 mill.kr., og dermed 3% netto driftsresultat er på plass, når ein vel å halde føringane kring samhandlingsreforma utafør (og som var grunnlaget når saka vart handsama av kommunestyre i desember 2011).

5) frie inntekter

Skattingang for 2011 er klar. KS: Det legges ut en ny modell med disse tallene innlagt for 2011 og med beregnet inntektsutjevning for 2011. Skatteanslaget lokalt for 2012 er justert selv om ikke nasjonal nivå er endret. Det er nå tatt hensyn til anslag folketall per 1.1.2012 (beregnet av SSB). Dette er da tatt hensyn til ved beregning av netto inntektsutjevning for 2012. Endelig folketall fra SSB kommer medio februar 2012 og vil da bli lagt inn i modellen.

KRD/KS prognosemodell – etter oppdatering (førebelse SSB) folketal 1.1.2012

MASFJORDEN	Inngang!A1	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
MASFJORDEN	1266									
<i>(år 2012-prisnivå i perioden 2012-2015)</i>										
								PROGNOSE		
1000 kr		2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		11 588	12 424	15 672	16 730	31 409	35 256	35 311	35 365	35 500
Utgiftsutjevning		14 682	14 524	16 991	19 400	17 302	19 977	19 991	20 006	20 014
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)		-62	-4	-100	-41	539	-117	-	-	-
Saker særskilt ford (fysioterapi/kvalifiseringsprog)		71	281	178	227	430	259	259	259	259
Nord-Norge-tilskudd/Namdals-tilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		5 083	5 296	5 535	5 707	4 839	4 996	4 996	4 996	4 996
Distriktilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift		1 209	1 209	1 004	539	-	-	-	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge (lagt mot hovedskjønn i 2010/2011)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektsystemet		-	-	-	-	100	100	100	100	100
Justert skjønn momskomp 08		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon Samhandlingsreformen		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KRD		914	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KRD desember 2011		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Feil inntektsutj 2007/Komp Fysioterapautmidler 09		-	-3	21	-	-	-	-	-	-
Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter 2010 med mer		-	-	903	478	-	-	-	-	-
RNB2009 / RNB2010 / Prop 595 / RNB2011		-	-	414	3	35	-	-	-	-
Sum rammetilskudd uten selskapsskatt		33 485	33 727	40 618	43 043	54 654	60 471	60 657	60 726	60 869
Selskapsskatt 2007/2008 /		946	6 714	-	-	-	-	-	-	-
Sum rammetilsk. ekskl inntektsutj.		34 431	40 441	40 618	43 043	54 654	60 471	60 657	60 726	60 869
"Bykjetrekke" (anslag etter 2010)		-6	-5	-2	-1	-2	-	-	-	-
Netto inntektsutjevning		-3 152	-5 853	-4 532	-4 569	-4 028	-4 387	-4 387	-4 387	-4 387
Sum rammetilskudd		31 273	34 583	36 084	38 474	50 624	56 084	56 270	56 339	56 482
Rammetilskudd - endring i %		-	10,6	4,3	6,6	31,6	10,8	0,3	0,1	0,3
Skatt på formue og inntekt		39 326	40 202	44 508	45 961	43 827	45 301	45 301	45 301	45 301
Skatteinntekter - endring i %		-	2,2	10,7	3,3	-4,6	3,36	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		70 599	74 785	80 592	84 435	94 451	101 400	101 600	101 600	101 800
							<i>(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)</i>			
Sum - endring i %		-	5,9	7,8	4,8	11,9	7,36	0,2	-	0,2

Vert dette dei endelege tala pr. 1.1.2012, vil frie inntekter verte redusert med 600.000 i høve opphavleg budsjett.

Vurderingar

Driftsbudsjettet 2012, pkt. 2-4 i saksutgreiing (fakta & vurdering) var det ein såg for seg i samband med saldering av 2012 budsjettet no ved utgangen av januar 2012 – og ser ein isolert sett på desse postane, har ein innfridd ønskje om driftsbudsjettmessige endringar og innsparing på 1,2 mill.kr. og dermed 3% i netto driftsresultat.

Usikre forhold knytt til pkt. 1 og 5, gjer at desse føresetnadene vert endra, og ikkje realistisk med eit budsjett på 3% netto driftsresultat utan at dette krev kutt i budsjettet, og kutt i eit omfang som gjer at denne prosessen vert tidkrevjande. Forøvrig har vi nesten aldri hatt eit budsjett som gjev 3% i netto driftsresultat, men ofte rekneskap som syner netto driftsresultat over 3%.

Investering, gjer framlegg om ein del endringar av tiltak – men innafor opphavleg budsjett si ramme både kostnader og finansiering.

Budsjettsalderinga kjem litt for tidleg med omsyn til erfaringstal 2011 rekneskapen, spesielt i forhold til investeringstiltak som må innarbeidast i 2012 budsjettet, i forhold til endelege folketal 1.1.2012 som får direkte konsekvensar for driftsbudsjettet.

Investeringsbudsjettet for 2011 var veldig omfattande, med 3 gonger handlingsregelen når det gjeld låneopptak og bruk av store deler av reservane i form av fondsmidlar, og hadde lite rom for avvik på investeringane, og ei drift nær budsjettbalanse – som ikkje gjev rom for store overføringar frå drift til investeringar utanom momskompensasjon investeringar. Ein del av investeringane viser overskridingar, og ein del prosjekt må kommunen forskotera finansieringa til endeleg ekstern oppgjer føreligg (eks. tippemidlar Matre symjebasseng), og dette gjer at ein har stram likviditet.

Driftsmessig har ein satsa veldig på planarbeid, og iverksett ei rekkje planarbeid/prosjekt med eksterne konsulentar, utan at ein har hatt finansiering/budsjettvedtak på plass. Dette resulterer i dårlegare driftsresultat enn det ein kunne forventa m.a. ut i frå 2.tertialrapport 2011. rekneskapen for 2011 er ikkje ferdig enno, og nærare budsjettrevisjon må vi ta når den føreligg, dvs. mai eller juni.

KONKLUSJON

Budsjettsalderinga inneber endringar i investeringane jf. framlegg til vedtak + at ein ved budsjettrevisjon må ta inn tiltak tidlegare heimla i 2011 budsjettet, og som held fram i 2012.

Driftsbudsjettet vert saldert med pkt. 1-4 under saksutgreiinga (fakta & vurdering)

Budsjettskjema 1A

		Budsjett 2012	
FRIE DISPONIBLE INNETEKTER			endringar
Skatt på inntekt og formue	-46 100 000		
Ordinært rammetilskudd	-55 900 000		
Skatt på eiendom	-20 750 000	750 000	
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000		
Andre generelle statstilskudd	0		
Sum frie disponible inntekter	-125 110 000		
FINANSINNETEKTER/-UTGIFTER			
Renteinntekter og utbytte	-1 962 500		
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 500 000		
Avdrag på lån	4 300 000		
Netto finansinntekter/-utgifter	4 837 500		
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER			
Til dekking av tidligere års underskot			
Til ubundne avsetninger	2 430 000	-2 300 000	
Til bundne avsetninger			
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige overskot			
Bruk av ubundne avsetninger	-2 138 000		
Bruk av bundne avsetninger	-400 000		
Netto avsetninger	-108 000		
FORDELING			
Overført til investeringsregnskapet	1 700 000	90 000	
Til fordeling drift	-118 680 500		
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	117 480 500		
Merforbruk/mindreforbruk = 0	-1 200 000		
Budsjettskjema 1B			
Fordelt til;			
Folkevalte organ:	1 953 500		
Administrasjon:	12 311 300		
Barnehage:	11 353 700		
Skule:	35 976 700	250 000	
Helse:	10 637 500	2 300 000	
Sosial- og barnevern:	6 616 000		
Pleie- og omsorg	37 152 100		
Kultur:	5 560 500		
Kyrkja:	3 348 200		
Teknisk:	6 531 700	-90 000	
Andre tenestoområdet:	-13 960 700	200 000	
	<u>117 480 500</u>	<u>1 200 000</u>	

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 31.01.2012 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Wenke Fredheim Ekren
kommunestyremedlem

Rangvald Tangedal
kommunestyremedlem